

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 7

Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Lindås

Emne: Skav

Bygdelag: Indre Nordhordland

Oppskr. av: Martin Toft

Gard: Toft

(adresse): Askelandsvåg

G.nr. 18 Br.nr. 5

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.B. Elter om den er etter andre heimskrifter: (ta også med alder, heimstad, yrke):
Fødd 3/lo-1895, Lindås, lærar og gardbrukar.

SVAR

1. Bjerg

2. Nei, ein har ikkje noko samnam utan "bjerg".

3. Å skava-skjev-skov-har skave-hadde skave-vil skava
vil ha skave-ville skava -ville ha skave.

4. Ein har nytta skav til krøterfor i uminnelege tider.

Før i tid rekna ein det som regulært forslag, i

dei siste 30-40 år helst som hjelp i vanskelege ~~fr~~
år.5. Dei treslag ein nyttar til skav er ask, raun, hegg,
alm og til-dels osp og hatel. Ein skjev ikkje bartre.Ein held alm gjævast til skav, der etter raun og ask,
men ask var og er mest nyttar. Det kjem seg vel av at

her er mykje av det treslaget, og så vert ikkje kua

så snart lei av askeskavet. Dei brukte å hogga ung-

asken (gjerdstøingen) av i mannshøgd - sidan styvde

dei greinene av når skoti var 8-10 år gamle. Her stod

på dei fleste gardar ei mengd med askestuar - på

sume fleire hundre- så skifte dei år om anna hoggingi

i tigar, slik at dei hadde høveleg skavskog kvart år.

6. Ordet skav vert nytta om alle treslag.

7. "Ask gjer kjyræ rask,

hegg gjev merg i legg,

av selja kjyræ belgja".

8. Berre kurne fekk skav og ungfeet - ikkje sau og geit.

Dei fekk skavet om vinteren - helst etter jol. Dei la det inn i høyet.

9. Ein fekk helst meir mjølk, og så vart ho feitare.

Rauneskavet gjer smøret fint og gult. Heggeskavet gjev mjølka ein beisk smak - og det smakar på smøret også, meinte dei gamle.

10. Ein dreg til skogs eins erend for å henta ved til skaving. Ein skjed hesjeveden og gjev skavet til krøtera når det er ask, raun, og alm. eller selja.

11. Ein seier at ein skal etter skav (om veden også)

12 Ein kallar det skav.

13. Er ikkje nytta her. (Det vert nytta i Kvam, Hardanger, om skavved).

14. Før i tidi då dei lauva (laugga) asken, styvde dei ~~dei~~ mykje ask samstundes om hausten, men tok det heim fyrst om vinteren og skøv det. Ein har ikkje høyrte om nåkon som gjekk på skavskog på fastande eller langfredag.

15. Dei held seg inne i stova med skavinga av veden.

Skavstenger skov dei helst om våren, og då ute i marki og samla skavet i sekker eller kipor og bar det heim, stengene tok dei først seinare ~~når~~ dei skulle nytta dei til hesjematerialar.

16. Dei nytta skavlå til å skava med. Det var ein ljå dei hadde vore i smia med og smitt tjått på - og så sette dei eit treskæft på. Denne nytta dei også når dei skov skavstenger, men då nytta og sume ein bandakniv. No nyttar dei fleste ein vanleg ljå med ei tyfille ~~kring~~ kring den enden av ljåen som dei held han med.

17. Skavstengene skjed dei på ein lagleg stad ute i marki, helst attmed store steinar som dei kan leggja stongi godt til rettes på så ho vert lagleg å skava. Heime legjdei ~~xxxx~~ stongi på ein sagekrakk eller ymse stel-

alſā
lingar. (Dei har vikkje noko serskilde innretningar til
å leggja skavstongi på.)

18. Til skaving av skavved nytta dei ofte enden av ein langbenk med hakk i. Noko pinn nyttar ein ikkje. Ein stong med eine enden i golvet og andre enden opp mot ein bjelke er mykje nytta under stor-skaving i forløysa fram på vårparten. Det hende også at dei slo ei list med fleire hakk i og spikra fast i høveleg høgd på sengegavlen. Listi hadde dei på for ikke å øydeleggja sengi, og så var det betre å skava når skavljåen hefte seg i hakki.

Kjenner ikkje ordet skavhål.

19. Når ein skjev, sit ein på ein krakk og held ljåen med høgre handi og skvkjeppen med vinstre handi og dreg kjeppen fr̄m og attende underljåen.

20. Ein kallar skavveden ein skjev for skav, ~~skavveden~~.

21. Borken ein skjev av kallar ein også skav. Dei små borkbitane ein skjev av kallar ein skavblokkor,

22. Ein skjev både funnekjeppar og ved av store tre. Veden Veden ein skjev er dubbelt så lang som vanleg brenneved.

23. ~~kittxvætxskakxfykgjaxmedxixskavat~~ Kjeppen ein har skave, kallar ein skjevling.

Ein skjevling -skjevlingen -skjevlingar -skjevlingane.
Ein tjuKK vedende kallar ein kubb. Det siste årsskuddet skjev ein som oftast ikkje, berre bryt det av i vanlege skavblokkelengde.

24. Litt av veden må vera med i skavblokkone. Ein lika ikkje at det vart for grovt, då dei rekna med at veden ingen næring hadde.

25. Dei nytta etter kvart den veden dei hadde bruk for, då askeveden brenn godt om han er rå, berre borken er av.

26. Ein er meir og meir slutta å skava. Det er om våren i vårknipa ein og annan tek på med denne onna. Når

karane må sitja dagen lang - gjern i fleire veker med skavljåen og skava, heiter det gjerne at han sit på "pinebenk".

Det er vant å seia kva tid ein slutta med å skava. Dei eldre har halde på med dette "si tid ut". No er det for det meste slutt. Askestuvane vert litt etter kvart nedhogne og nytta til ved, men endå står ein og annan stor-kulten att - gjerne to femningar i omkrins - opne inni som oftast - og minner om ei tid som no er kvarvi, ei tid då desse stuvar mest var å rekna som avgudar for dei som hadde sutta for å få fenaden velberga fram. ~~på verbeite.~~